

Jærmuseet Hovudkontor & Vitengarden [Kvia, 4367 Nærbø] • Vitenfabrikken [Storgata 26, 4303 Sandnes] • E-post: post@jaermuseet.no • www.jaermuseet.no

[Vitengarden]: > **NY SYKKELDAG 25. MAI**
Søndag 25. mai kl 12 - 14 vert det arrangert sykkel dag på Nærbø.

Jærmuseet Vitengarden gjentek suksessen frå i fjor, då Vitengarden og Hå Gamle Prestegard arrangerte saman med folkehelseprosjektet, ein vellukka sykkel dag med over 200 deltakarar. Også i år startar løypa i Nærbøparken der ein får utdelt deltakarkort, og via postar på Vitengarden, Lode og Obrestad Fyr, endar den på Hå Gamle Prestegard. Dei som deltek er med i trekninga av fine premier.

[Vitengarden]:

> **LUFTIGE AKTIVITETAR I VINTERFERIEN**

Meir enn 2000 små og store tok turen innom Vitengarden i vinterferien. Med temaet *leik med luft* fekk ein denne veka mellom anna laga forblåste leiker som drage, vindmølle, luftputebåt eller leika med såpebobler.

[Vitengarden]:

> **UNGE FORSKARAR I ROGALAND - regional prisutdeling på vitengarden**

"Nysgjerrigheit er drivkraft for utvikling og nyskaping", sa fylkesordførar Tom Tvedt då han talte til unge forskarar frå Rogaland under den regionale prisutdelinga i konkurransen Unge Forskere på Vitengarden, Nærbø, tysdag 8. april. Dette er ein landsdekkande forskingskonkurranse for barn og unge mellom 12

og 21 år som blir arrangert av Stiftelsen Ungdom og Forsking, i samarbeid med Forbundet Unge Forskere. For tredje år på rad var Jærmuseet vertskap for den regionale prisutdelinga.

Unge forskarar i Rogaland dominerer framleis i den nasjonale konkurransen. I klassen for humanistiske fag er det i 2008 levert 55 bidrag, 26 av desse frå Rogaland. I klassen for naturvitskap og teknologi kom det inn 48 prosjekt, 22 av desse frå Rogaland.

Dei unge rogalendingane viser også igjen blant finalistane. Av 22 finalistar frå vidaregåande skule er heile 9 frå vårt fylke – frå International School of Stavanger, St. Olav og Stavanger katedralskole. Dessverre kom ingen frå ungdomsskulen til finalen dette året. Vinnaren i den regionale finalen i klassen for naturvitskap og teknologi blei Rebecca Freemann, elev ved International School of Stavanger, og busett i Randaberg. Ho hadde forska på sjukdom i hjerteklaffen hos hunderasen Cavalier King Charles Spaniel. I klassen for humanistiske fag vann Tor Gaute Syrstad og Håvard Krokedal frå Stavanger katedralskole med prosjektet "Taggeren og samfunnet". I klassen for ungdomsskular fekk Charlotte Ledland og Elisabeth Dversnes, Carina Dversnes og Ingvild Dybing deltakarprisar for oppgåvene "Fjellrev på Svalbard" og "Fjellrev i Norge".

Årets prisutdelar var konsernsjef i IKM, Ståle Kyllingstad – sjølv norsk vinnar av "Entrepreneur of the Year" i 2006. Og nok ein prisvinnar, Nils Henrik Smith frå Bryne, som nett fekk Tarjei Vesaas debutantpris, las frå boka si "Manhattan skyline". Denne boka var også årets deltakarpremie frå Rogaland fylkeskommune til alle dei lokale deltakarane i konkurransen.

«Di lenger gjetordet gjeng, di meir vil det veksa.» (Ivar Aasen)

[Vitenfabrikken]: > **DET NÆRMAR SEG OPNING PÅ VITENFABRIKKEN!**

Vitenfabrikken i Sandnes opnar 22. mai. Då kjem statsrådar og abelprisvinnarar, ordførarar og museumskolleagaer. 24. mai er første opningsdag for publikum. Då skal folk i heile regionen få oppleva det flotte nybygget og utstillinga Abels skissebok.

> **NYTT STYRE I JÆRMUSEET**

Det avtroppande styret i Jærmuseet hadde sitt siste møte 27. mars. Frå kommunane gjekk desse representantane ut av styret etter 4 år: Randaberg: Tor Alm, Sandnes: Jostein W. Rovik. Gjesdal: Karl Edvard Aksnes, Time: Michael Evans, Hå: Terje Mjåtveit.

Mange små og større kosa seg med såpebobler i vinterferien. Her er 5 av dei 2080 gjestene som var innom denne veka.



Formidlar Unn Iren Nygård syner to ivrige gutar korleis ein lagar sitt eige katapultfly. Berre ved hjelp av to strikkar og ein pinne, fyk flyet avgarde som ein rakett!



Vinnarane av den regionale finalen i konkurransen Unge Forskarar: Håvard Krokedal, Rebecca Freemann og Tor Gaute Syrstad flankert av fylkesordførar Tom Tvedt og prisutdelar Ståle Kyllingstad.



Per Øhman frå Sola og Elfin Lea frå Klepp held fram i styret ein periode til. Olav Bråtveit, vald av dei tilsette, gjekk også ut av styret. Inglen Haugland, oppnemnd på fritt grunnlag, er gjevvald for ein ny toårs periode.

Roald G. Bergsaker har dei siste åtte åra representert Rogaland fylkeskommune i styret i Jærmuseet, men kom inn i styret allereie i 1987, og sat då i tre periodar som representant for Sandnes kommune. Jærmuseet slepper likevel ikkje heilt taket i han, og er glad for at han har takka ja til å vera leiar for det nyoppnemnde faglege rådet for Nasjonalt Garborgsenter.

Også ein anna veteran gjekk denne dagen ut av formelle verv i Jærmuseet. Liv Todnem har den siste fireårsperioden vore varamedlem i styret, og sat før det tre periodar som styremedlem for Gjesdal kommune.

Martha J. Ulvund takka av som styreleiar i Jærmuseet etter 7 år. Ho kom inn som ny styreleiar i mai 2001, vald på fritt grunnlag. I hennar tid som styreleiar har Jærmuseet vore gjennom ein sterk ekspansjon og store endringar. Allereie i 2002 fekk me dei første konsolideringane i Jærregionen, i 2003 fekk Jærmuseet status som regionalt vitensenter og i mai 2008 opnar Vitenfabrikken i Sandnes! - for berre å nemna nokre få stikkord.

Styremedlemmar i Jærmuseet 2008 - 2011: **ROGALAND FYLKESKOMMUNE:** Tom Tvedt, Ellen Solheim (vara); **GJESDAL:** Olaug V. Bollestad, Torill Idland (vara); **HÅ:** Magnar Matningsdal, Terje Mjåtveit (vara); **KLEPP:** Elfin Lea, Torbjørn Hovland (vara); **RANDABERG:** Øyvind Revheim, Tone Tvedt Nybø (vara); **SANDNES:** Norunn Østråt Koksvik, Stanley Wirak (vara); **SOLA:** Per Øhman, Per Inge Ruud (vara); **TIME:** Brigt Åge Høyland, Michael Evans (vara); **VALDE PÅ**



Avtroppande styre i Jærmuseet:

Bak frå v: Magnar Matningsdal, (vara for Terje Mjåtveit), Hå, Per Øhman, Sola, Olav Bråtveit, vald av dei tilsette, Karl Edvard Aksnes, Gjesdal, Michael Evans, Time, Tor Alm, Randaberg.

Framme frå v: Inglen Haugland, vald på fritt grunnlag, Liv Todnem (vara for Roald G. Bergsaker), Rogaland fylkeskommune, styreleiar Martha J. Ulvund, direktør Målfrid Snørteland, Jorstein W. Rovik, Sandnes.

FRITT GRUNNLAG: Arne Norheim, Torleiv Bilstad (vara), Inglen Haugland, Tobias Ånestad (vara); **VALD AV DEI TILSETTE:** Sven Gundersen, Ingeborg Nærlund Skjerpe (vara).

► **AKTIVITETSDAGAR VÅREN 2008**

Hugs aktivitetsdagane i Jærmuseet våren 2008:

27. april: 4H dag, Vitengarden Nærbø

24.- 25. mai: velkommen til Abels skissebok! Vitenfabrikken opnar for publikum.

Utstillinga Abels skissebok, matteteateret Abels Ablegøyer og mykje meir..

25. mai: sykkeldag, Vitengarden

8. juni: aktivitetsdag, Sjøbruksmuseet, Tungenes

15. juni: aktivitetsdag, varden Sjøredningsmuseum, Brusand

22.juni: bakedag med syrekaker og kinning av smør, Grødaland

[Vitengarden]: ► **FRILUFTSDAG VED VITENGARDEN**

Fredag 18. april vart friluftsdagen for unge og voksne med handikapp arrangert for trettande gongen. Hundespann, hestekjøring, dans, taukltring og dragebygging var nokre av aktivitetane dei 300 deltakarane



Ergoterapeutstudentane Marta Litangen Kanagarajah, Alice Bryne og May Rita Hadland tek mål av inngangspartiet på Vitengarden.

kunne velga mellom denne dagen.

[Vitengarden]: ► **ERGOTERAPAUTER PÅ VITENGARDEN**

I vinter har 3 ergoterapeutstudentar frå Diakonhjemmet Høgskule i Rogaland hatt prosjektpraksis for å sjå på universell utforming på Vitengarden. Studentane har utarbeidd ein presentasjon som inneheld ei samla vurdering av dagens situasjon og utbetningsbehov, basert på kartlegging av bygg og deler av området på Vitengarden.

Hugs første publikumsdag på **VITENFABRIKKEN 24. mai!**

Sjå www.jaermuseet.no

*Kva skjer? 09: JANUAR-APRIL 2008

Ansvarlig redaktør: Målfrid Snørteland
Innspeil kan sendes til: post@jaermuseet.no

Designmal: unniform